

Dato: 12.12.2016
 Vår ref.: 2016/2926 - 29666/201
 Ark.kode:

Møtereferat

Møte nr. 2 i: Førebuande fellesnemnd (FF)	Dato: 08.12.2016	Tid: Kl. 12.30 -15.50
Møteleiar: Ordførar i Fjell kommune, Marianne Sandahl Bjørøy (AP).	Stad: Sund rådhus	
Medlemer som møtte: <u>Fjell kommune:</u> Egil Haaland (AP), Tom Georg Indrevik (H), Ernst Einarsen (H), Anita Garlid Johannesen (FrP), Svein Bergh (SL), Odd Bjarne Skogestad (KrF). <u>Øygarden kommune:</u> Børge Haugetun (TVØ), Silvia Haugland (TVØ), Espen Harkestad (AP), Ingrid Toft (H). <u>Sund kommune:</u> Kari-Anne Landro (H), Nils Kåre Skoge (H), May Elin Limevåg (FrP), Kjell Arve Vorland (SP), vara Ørjan Telle (AP). Tillitsvalte med observatørstatus, tale- og forslagsrett: Trude Erstad Villanger (HVO Fjell), Hildegunn Høyland (Fagforbundet), Vibecke Hodnekvam (Utdanningsforbundet).	Forfall: <u>Fjell kommune:</u> Hilde Lohmann Sandal (AP) <u>Sund kommune:</u> Jogeir Sognæs (AP)	
Andre: Sekretær for førebuande fellesnemnd Lillian Torsvik, rådmann Steinar Nesse i Fjell, rådmann Rune Lid i Sund, fylkesmannen i Hordaland v/ prosessrettleiar Ole Bakkebø.		
Referent: Unni Rygg		

Saksnr	Sakstittel
10/16	Godkjenning av innkalling og sakliste Tilstades i møtet var 16 politisk valde medlemer og tre tillitsvalde med observatørstatus som har tale- og forslagsrett. Innkalling og sakliste vart godkjent utan kommentar.
11/16	Godkjenning av referat 09.11.16 Referat frå førre møte (09.11.16) vart godkjent med kommentar frå tillitsvald Vibecke Hodnekvam om å ta med i referata at tillitsvalte med observatørstatus også har tale- og forslagsrett.

12/16	<p>Orientering – Digitalisering i Bergen kommune v/Robert Rastad og Kjetil Århus</p> <p>Kommunikasjonsdirektør i Bergen kommune, Robert Rastad, og digitaliseringsdirektør i Bergen kommune, Kjetil Århus, jobbar med å løfte digitaliseringa i offentleg sektor i vår region. Rastad anbefalte at digitalisering i offentleg sektor bør ha fokus på «portal»-tenking, nasjonale grep, teknologiskifte mot «smart», og ikkje minst brukarorientering ved å spørje om behovet til hovudmålgruppene. Rastad viste vidare til stortingsmeldinga nr. 27 (2015-2016), «<i>Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet</i>»; eit nyttig styringsdokument for kommunane sin måte å levere informasjon til innbyggjarane på. Det er kommunane som skal realisere innhaldet i «Digital agenda»-meldinga. All digitalisering i kommunane bør koordinerast av KS. Kommunane må forplikte seg aktivt og ta felles avgjerd i digitaliseringsvala slik at kommunane opptrer samla nasjonalt. Både Rastad og Århus viste til at den største utfordringa med digitalisering i offentleg sektor truleg er på regionalt nivå. Kommunesektoren må samlast for å lykkast og det er behov for regional koordinering av tenesteutvikling og felles målbilde, gjennom KS. Samanfatta var oppmodinga til Rastad og Århus at i arbeidet med å bygge ein ny kommune vil drifta løyse seg, men merksemda bør rettast mot utvikling av standardplattformer for offentleg sektor – fellesløysingar med brukarfokus. Etter orienteringa vart det stilt spørsmål om manuelle løysingar ved behov, og Rastad viste til at planlegging bør skje i tråd med ynskje om kanalval, så løyser avvika seg etterpå ved manuell handtering. Finansiering av utviklingsprosjekt i kommunal sektor kan skje gjennom eit investeringsfond.</p>
13/16	<p>Endring i seminarrekke – konsekvensar for deltaking og møteplan</p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til endring i seminarrekke, der seminar om arbeidsgjevarrolla og om lokaldemokrati er slått saman til eit seminar. Leiargruppa kjem såleis med forslag om at heile den førebuande fellesnemnda, inkludert administrativt personale utpeika av dei tre rådmennene, reiser saman på seminar 2 «Arbeidsgjevaransvar i omstillingsprosessar – korleis bygge felles kultur og identitet» i Trondheim 23.-24.januar 2017. Sekretariatet ordnar med påmelding og bestilling av flybilletter for alle. Leiargruppa kom også med forslag om at planlagt møte i førebuande fellesnemnd 24.januar går ut.</p> <p>Det var semje om begge forslaga frå leiargruppa.</p>
14/16	<p>Rolleavklaring og styringslinjer - politisk og administrativt</p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til skisse med prinsipp for rolleavklaring og styringslinjer mellom politikk og administrasjon, fram til formell fellesnemnd og prosjektleiar er tilsett. I hovudsak har rådmennene i Fjell, Sund og Øygarden fokus på drift av kommunane fram til realisering av ny kommune 1.1.2020. Førebuande fellesnemnd har fokus på å gjennomføre oppgåvene som mandatet gjev. Kontakten med administrasjonen er primært gjennom leiinga og sekretariatet for nemnda.</p> <p>Skissa for rolleavklaring og styringslinjer vart teken til orientering.</p>
15/16	<p>Oversyn over oppgåver knytt til etablering av ein ny kommune (Døme: Færder kommune)</p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til oversikt frå Færder kommune som døme på oppgåver som skal gjennomførast før ny kommune er oppe og går. Bjorøy anbefalte at det</p>

	<p>vert utarbeida eit tilsvarande oversyn for vår nye kommune der vi identifiserer oppgåver som må gjerast før 01.01.20. Fellesnemnda diskuterte forslaget om å utarbeide eiga liste over oppgåver.</p> <p>Det var semje om å førebels sende ut presentasjonen med oversikta frå Færder kommune til heile fellesnemnda, ta oversikta til orientering og vente med å utarbeide eiga oversikt over oppgåver for vår nye kommune til prosjektleiar er på plass.</p>
16/16	<p>Kva seier Intensjonsavtalen om digitalisering, interkommunalt samarbeid og selskap, kommunen som arbeidsgjevar og pensjonskasse?</p> <p>Kari-Anne Landro viste til Intensjonsavtala for å tydeleggjere dei ulike kartleggingsoppgåvene som gjeld IKT-kartlegging, kartlegging av personalreglement og løns- og arbeidsvilkår, kartlegging av selskapsstruktur og kartlegging av pensjonsordninga, som ligg i den førebuande fellesnemnda sitt mandat ved etablering av den nye kommunen.</p>
17/16	<p>Bestilling til administrasjonen</p> <p>Børge Haugetun gjorde greie for bestilling til administrasjonen om kartlegging av IKT-system, personalreglement og løns- og arbeidsvilkår, selskapsstruktur og ulike pensjonsordningar i tråd med nemnda sitt mandat. Haugetun la fram forslag til følgjande tilleggs punkt i arbeidsoppdraget som gjeld IKT:</p> <ul style="list-style-type: none"> • «Administrasjonen vert bedt om å ta kontakt med Bergen kommune om høve for samarbeid kring digitaliseringsprosjekt». <p>Nemnda slutta seg til forslaget.</p>
18/16	<p>Prosess og krav for tilsetjing av prosjektleiar</p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl BJORØY viste til førebuande fellesnemnd sitt mandat om å starte arbeid med krav og prosess for tilsetjing av prosjektleiar. Leiargruppa ynskte innspel til bruk av rekrutteringsbyrå, utlysing av rein prosjektleiarstilling, og kvalifikasjonar og krav til stillinga. I debatten var nemnda klar på bruk av rekrutteringsbyrå i arbeidet med å tilsetje prosjektleiar. Når det gjaldt utlysing av rein prosjektleiar, vart det diskutert tilsetjing av prosjektleiar fram til realisering av den nye kommunen 01.01.2020 og alternativet med tilsetjing av prosjektleiar som seinare skal gå inn i stillinga som rådmann i den nye kommunen. Ernst Einarsen lanserte tilsetjing av prosjektleiar fram til 01.01.2020 og så å tilsetje rådmann i kommunen eit halvt til eit år før kommunen er etablert slik at vedkomande får jobbe seg inn i den nye organisasjonen og får overført kunnskap frå prosjektleiar.</p> <p>Nemnda bad sekretariatet utarbeide felles sak til dei tre kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden om utvida mandat til også å gjennomføra tilsetjing av prosjektleiar, der innspela frå Førebuande fellesnemnd vert tekne med. Leiargruppa (dei tre ordførarane) får fullmakt til å utarbeide forslag til kvalifikasjonar og krav til stillinga som prosjektleiar, som skal innarbeidast i saka.</p>
19/16	<p>Godkjenning av kommunikasjonsplan</p> <p>Informasjonsrådgjevar VIGLEIK BREKKE presenterte utkast til kommunikasjonsplan fase 2, for kommunikasjon knytt til arbeidet med kommunereforma for kommunane Fjell, Sund og</p>

	<p>Øygarden i perioden frå november 2016 til juni 2017, basert på innspel i førre møte den 9. november. Eit nytt forslag som var teke med i utkastet er at dei tre ordførarane vil fungere som redaksjonsgruppe for kommunikasjonsarbeidet. Det kom forslag frå Trude Erstad Villanger (HVO Fjell) om å ta med eit nytt tiltak i planen under punkt 8) Verkemiddel:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Informasjon til leiarar og tilsette i kommunane. <p>Det var semje om å godkjenne kommunikasjonsplanen med Villanger sitt framlegg til nytt tiltakspunkt.</p> <p>Brekke informerte vidare om tiltaka:</p> <ul style="list-style-type: none"> • profileringsfilm TV2 som i utgangspunktet var tenkt for sykkel-VM men som leiargruppa no ynskjer at skal kunne brukast som ein generell promoteringsfilm for å selje regionen i ulike samanhengar • dokumentarfilm om kommuneprosessen <p>Vidare vart «streaming» av møta i førebuande fellesnemnd diskutert. Det var semje om å få streaming av møta utgreia i eiga felles sak, med kostnader og alternative løysingar.</p> <p>Etter forslag frå tillitsvald Vibecke Hodnekvam slutta nemnda seg til innspelet om å få tilsendt aktuelle dokument i forkant av møta, saman med saksliste.</p>
20/16	<p>Val av arrangør for planlegging og gjennomføring av framtidseminar Saka vart utsett til neste møte i førebuande fellesnemnd.</p>
21/16	<p>Ymse Ingen saker vart behandla.</p>